

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 13.04.2011
Møtestad: Helse Vest RHF, Stavanger

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Oddvard Nilsen	Styreleiar
Ohene Aboagye	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Gisle Handeland	Medlem
Gro Skartveit	Medlem
Kjartan Longva	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem
Tom Guldhav	Medlem

Forfall frå styret

Aud Berit Alsaker Haynes
Torill Selsvold Nyborg

Deltakarar frå administrasjonen

Administrerende direktør Herlof Nilssen
Fagdirektør Baard-Christian Schem
Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Kommunikasjonsdirektør Bente Aae
Torunn Nilsen referent

Revisor Nicolai Homme deltok under behandlinga av sak 044/11 B

Sakliste

B 040/11	Godkjenning av innkalling og dagsorden
B 041/11	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 15.03.2011
O 042/11	Administrerende direktør si orientering
B 043/11	Rapportering frå verksemda per februar 2011
B 044/11	Årsmelding og årsrekneskap 2010
B 045/11	Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 28. januar 2011
B 046/11	Søknad om bruk av nemninga universitetssjukehus
B 047/11	Tilsynsmelding 2010
B0 48/11	Fagleg rapportering 2010
O 049/11	Status for tilbodet til gravide rusmiddelavhengige innlagde etter lov om sosiale tenester § 6-2 (§ 6-3)
O 050/11	Orientering om legemiddelassistert rehabilitering i Helse Førde HF
051/11	Eventuelt
B 052/11	Høyring - forslag til forskrift om endringar i forskrift om genetisk masseundersøking i forbindelse med utvida tilbod om nyfødtscreening
B 053/11	Forslag til justering av resultatkrav i Helse Bergen HF

B 040/11 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering:

Styreleiar orienterte om at møtet var ope for publikum og presse, men at møte mellom revisor og styret var lukka for alle andre enn revisor og styret jf revisorlova § 2-3.

Forfall:

Aud Berit Alsaker Haynes og Torill Selsvold Nyborg hadde meldt forfall til møtet.

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møte:

Til sak 042/11 O AD si orientering pkt 5 – Vikarbruk i helseføretaka:

Notat og felles styresak for alle RHF – "Revisjonsrapport – leveranse av helsepersonellvikarar"

Til sak 044/11 B Årsmelding og årsrekneskap 2010:

Oppdatert Vedlegg 3 – Oppsummering frå revisjonen

Til sak 046/11 B Søknad om bruk av nemninga universitetssjukehus:

Notat med vedtak etter behandling i det regionale samarbeidsorganet mellom universiteta i Bergen og Stavanger.

Styresak 052/11 B Høyring – forslag til forskrift om endringar i forskrift om genetisk masseundersøking i forbindelse med utvida tilbod om nyfødtscreening

Saksførelegget var utsendt elektronisk og delt ut i møtet

Styresak 053/11 B Forslag til justering av resultatkrav i Helse Bergen HF

Saksførelegget var utsendt elektronisk og delt ut i møtet

Til skriv og meldingar:

- Kopi av brev frå Statens strålevern til Helse Førde HF, dagsett 050411 "Varsel om pålegg om retting og varsel om tvangsmulkt - drift av nukleærmedisinsk virksomhet i Helse Førde HF, Førde sentralsjukehus"
- Brev frå Arbeidstilsynet til Helse Vest RHF, dagsett 010411 "Oppfølging av forhold knyttet til arbeidstid i helseforetakene"
- Kopi av brev frå Vågsøy kommune til Sivilombuds-mannen, dagsett 310311 "Bevaring av Nordfjord Sykehus Tilslutning til klage til Sivilombudsmannen"
- Brev frå Helse Vest RHF til HF-a, dagsett 010411 "Retningslinjer for leiarløn"
- Brev frå Helse Vest RHF til LPP, dagsett 110411 "Psykisk helsevern i Helse Førde"

Eventuelt:

Det var ikkje meldt saker til eventuelt

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

B 041/11 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 15.03.2011

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 15.03 2011.

O 042/11 Administrerande direktør si orientering

1 Årstal frå Norsk pasientskadeerstatning

Norsk pasientskadeerstatning (NPE) har publisert årstal for 2010 over erstatningskrav knytt til pasientskader.

Alle dei overordna tala for 2010 er tilgjengeleg på www.npe.no

Utbetalningar for skader i Helse Vest er 96 559 082 kroner for 2010 som ligg godt under 2009 då det blei utbetalt 146 670 510 kroner.

2 Oversikt over tilsyns,- kontroll og klagesaker

Helse Vest har innført ein ny mal for rapportering av tilsyns,- kontroll og klagesaker til styra i Helse Vest. Denne malen er laga med utgangspunkt i nye rapporteringskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet om status i tilsynssaker, og skal nyttast i heile føretaksgruppa.

Helseføretaka skal vidarese sine oversiktar over tilsyns,- kontroll og klagesaker til Helse Vest i tråd med omtale i styringsdokumenta for 2011. Helse Vest RHF vil basere

rapporteringa av tilsyns,- kontroll og klagesaker til styret i Helse Vest blant anna på rapporteringa frå dei ulike HF-a.

Styret ønskte at dato for opphavleg tilsyn blei lagt inn i oversikten.

3 Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 28.02.11 - 27.03.11

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4 Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5 Vikarbruk i helseføretaka

Helse Vest har etter ønskje frå dei andre helseregionane, utarbeidd ei felles styresak om revisjonsrapporten – leveranse av helsepersonellvikarar.

Styret i Helse Vest RHF har allereie behandla saka med styresak og oppfølgjande notat. I og med styret i Helse Vest RHF allereie har behandla saka og er orienterte med oppfølgjande notat, er den felles styresaka for alle RHF-a kun lagt ut til styret i møtet, til orientering.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

B 043/11 Rapportering frå verksemda per februar 2011

Oppsummering:

Ventetidsutviklinga slik den ser ut per februar 2011 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene i hovudsak har gått ned frå august 2010 til februar 2011, både for ventande og behandla, når ein ser på alle fagområde for RHF-et samla. Den samla ventetida for behandla pasientar er på tilnærma same nivå som for eit år sidan både innan psykisk helsevern for vaksne og innan BUP, og litt lengre innan somatikken. For pasientar som framleis ventar er den gjennomsnittlege ventetida innan BUP noko høgare enn for eit år sidan, innan psykisk helsevern for vaksne litt lågare, og innan somatikken er det tilnærma same gjennomsnittlege ventetid som for eit år sidan. Innan alle fagområde er ventetidene framleis kortast for dei prioriterte pasientane. Dette gjeld både for pasientar som er tatt til behandling og for pasientar som framleis ventar.

Aktivitetstala innan psykisk helsevern og somatikk er framleis ikkje veldig robuste sidan dei berre baserar seg på aktiviteten generert i to månader. Den somatiske aktivitetsutviklinga viser ein vekst i talet DRG-poeng og i polikliniske aktivitet, medan talet på sjukehusopphald (dag- og døgnopphald) er lågare enn ved utgangen av februar 2010. Innan psykisk helsevern for barn og unge ligg både døgnaktiviteten og aktivitetsnivået innan dagbehandling og poliklinikk lågare enn til same tid i 2010. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for vaksne ligg så langt høgare enn fjoråret innan dagbehandling og poliklinikk, medan aktiviteten målt i liggjedøgn er lågare enn i 2010.

Akkumulert resultat justert for auka pensjonskostnader pr februar er positivt med kr 65,3 mill som er kr 18 mill betre enn budsjettert. Helse Stavanger og Helse Førde har rapporterte omstillingstiltak for januar med ein realiseringsprosent på høvesvis 35% og 83 %. Helse Fonna rapporterer ei prognose som er kr 25 mill svakare enn budsjettert resultatkrav medan dei andre føretaka melder ei resultatprognose som er lik budsjett. Likviditeten forverrar seg mot slutten av året som følgje av betaling av KLP reguleringspremie. Samla sett ligg likevel driftskreditten godt innafor tildelt trekkramme.

Tiltrua til spesialisthelsetenesta er i februar på 81 prosent, ned 2 prosentpoeng frå januar. Inntrykket av det regionale helseføretaket held seg relativt stabilt på 60 prosent, som er det same som for januar.

Styret var uroa over talet på fristbrot innan barne- og ungdomspsykiatrien i Helse Fonna og ønskte at dette blei følgt opp tett vidare.

Styret presiserte at målet om å nå 65 dagar gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar før sommaren står ved lag. Dersom ein ikkje når 65 dagar før sommaren må ein meir detaljert aktivitetsplan iverksetjast.

Når det gjeld avklaring av ansvarsforhold og finansiering av tilbod til utskrivingsklare pasientar innan psykisk helsevern i Bergen, var styret samde om å be om avklaring frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok rapportering frå verksemda per 28. februar 2011 til etterretning.
2. Styret ba Helse Fonna HF om å sette i verk nødvendige tiltak for å nå vedtatt resultatkrav for 2011.

Fellesmøte mellom styret i Helse Vest RHF og det regionale brukarutvalet

Fellesmøtet blei gjennomført med følgjande sakliste:

- Velkomen ved styreleiar Oddvard Nilsen
- Presentasjon av det regionale brukarutvalet ved leiar Njål Idsø
- Ambulansetenesta, kompetansesituasjonen og responstid i Helse Vest
- Framtida for lærings- og meistringssentra
- Situasjonen i det psykiske helsevernet i Helse Vest

Møte mellom styret i Helse Vest RHF og revisor jf revisorlova § 2-3

Møtet blei gjennomført som lukka møte mellom revisor og styret i samsvar med revisorlova § 2-3. Administrerande direktør/administrasjonen var ikkje til stades i møtet.

B 044/11 Årsmelding og årsrekneskap 2010

Oppsummering:

Rekneskapen for føretaksgruppa viser eit samla overskot på 1 335 720 847,64 kroner. Overskotet i morselskapet er på 1 308 517 753,36 kroner. Resultatet i morselskapet er auka med reversert nedskriving av eigenkapitalen i dotterføretaka med netto 842 855 007 kroner. Den reverserte nedskrivinga er eliminert i rekneskapen for føretaksgruppa av di overskota kjem fram gjennom rekneskapa til dotterføretaka.

Driftsresultat før av- og nedskrivingar viser eit overskot på 2 392 406 492,76 kroner, ordinære avskrivingar utgjer 939 514 228,08 kroner og nedskriving av driftsmidlar utgjer 55 778 118,65.

Det store overskotet har særleg skuld i pensjonsreforma der planendringa har redusert driftskostnadane med til saman 1 685 649 807 kroner i 2010. Av dette er 840 000 000 trekt attende til Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) medan resten er beholdt til dekning av tidlegare underdekning av pensjonskostnad og det er gitt krav om eit resultat på 900 000 000 som soleis reduserer resultatet Helse Vest blir målt på. Det justerte rekneskapsresultatet som Helse Vest blir målt på er kr 435 720 848.

Styret har i tillegg et skjerpa krav til resultat i føretaksgruppa på om lag 158 millionar kroner utover kravet frå HOD.

Årsmelding 2010 – endringar:

Til innleiing

Etter innspel frå Gunnar Berge:

"Sjølvsagt om det er vanskeleg å måle effekten av helsetenester er det gode indikasjonar på at helsetilstand og livskvalitet i befolkninga blir betre, og at spesialisthelsetenesta bidreg til dette.

Levealderen aukar systematisk. Det er også eit uttrykk for at folk lever betre.

Sjølvsagt om god helsekvalitet er resultat av ei rekkje faktorar, er det all grunn til å rekne med at eit godt helsetilbod er eit viktig bidrag."

Til kap. om likestilling m.v (tekst frå 2010)

Etter innspel frå Lise Karin Strømme:

Fleirtalet av medarbeidarane som arbeidar deltid i helseføretaka er pleiepersonell i turnusstillingar. Det er eit mål å redusere omfanget av ufrivillig deltid. Helse Vest har i 2010 oppretthaldt kravet til helseføretaka om at det ikkje skal tilsetjast nye medarbeidarar før ein har auka stillingsbrøkane for dei som ønskjer det. Helseføretaka har også etablert tiltak og prosessar for å redusere bruk av deltid.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret legg vedlagte årsrekneskap med kontantstraumanalyse og noter fram for føretaksmøtet til godkjenning.
2. Styret vedtok styret si årsmelding med dei endringane som kom fram i møtet.

B 045/11 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 28. januar 2011

Oppsummering:

Fredag 28. januar 2011 blei det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale.

I føretaksmøtet formidlar eigar styringsbodskapen for 2010 og presenterar dei styringskrav som gjeld for inneverande år.

Følgjande saker blei behandla:

Sak 1 – Føretaksmøtet blir konstituert

Sak 2 – Dagsorden

Sak 3 – Eigar sine overordna styringsbodskap for 2011

Sak 4 – Endra resultatkrav for 2010

Sak 5 – Resultatkrav og rammevilkår for 2011

Sak 6 – Organisatoriske krav og rammevilkår for 2011

Sak 7 – Andre styringskrav for 2011

Sak 8 – Endringar i vedtektene § 12, jf lov om helseføretak § 12 og vedtektene § 19
Sak 9 – Val av nytt styremedlem, jf lov om helseføretak § 21

Vedtak (samrøystes):

Styret tok protokollen frå føretaksmøtet til etterretning.

B 046/11 Søknad om bruk av nemninga universitetssjukehus

Oppsummering:

Helse Vest RHF er i oppdragsdokumentet for 2011 frå Helse- og omsorgsdepartementet pålagt å søke om å nytte nemninga universitetssjukehus for dei sjukehus/helseføretak som det er aktuelt for i regionen. Det er utarbeidd ny forskrift med vilkår som må være oppfylt for å kunne nytte nemninga universitetssjukehus. Helse Bergen og Helse Stavanger har dokumentert omfattande aktivitet knytt til forskning og undervisning, og det blir tilrådd å søke HOD om å få vidareføre desse nemningane.

Vedtak (samrøystes):

Helse Vest søker Helse- og omsorgsdepartementet om å vidareføre nemninga Haukeland universitetssjukehus og Stavanger universitetssjukehus i tråd med søknader frå Helse Bergen og Helse Stavanger.

B 047/11 Tilsynsmelding 2010

Oppsummering:

Tilsynsmeldinga frå Statens helsetilsyn er ein årleg publikasjon der Helsetilsynet trekk fram sider ved barnevernet, sosial- og helsetenestene som fortener offentleg merksemd og debatt. Dei artiklane som gjeld spesialisthelsetenesta spesielt eller som er av interesse for spesialisthelsetenesta blir kommentert vidare i denne saka, og gjeld:

- To regionale tilsyn med spesialisthelsetenesta
- Rollesamanblanding
- Legemiddelhandtering
- Helsepersonell som kryssar grenser
- Dagens barsel omsorg – stykkevis og delt
- Klagar i psykisk helsevern
- Ny mulighet til å avgrense helsepersonell sin autorisasjon
- Raskare tilsyn etter uventa død eller alvorleg skade

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Vest RHF tok Tilsynsmelding 2010 til etterretning.

B 048/11 Fagleg rapportering 2010

Oppsummering:

Fagleg rapportering for 2010 omhandlar forskingsprosjekt og verksemda ved nasjonale og regionale tenester i regionen og har vore handsama i Samarbeidsorganet. I 2010 blei det ytt

126,4 mill til forskning i Helse Vest og ca. 72 millionar til regionale og nasjonale kompetansesenter. Rapporten inngår som ein del av rapporteringsplikta til Helse- og omsorgsdepartementet/Helsedirektoratet og er utgangspunkt for vurdering av eventuelle behov for endringar og oppfølging. Den blir og nytta til forskingsformidling og synleggjering av verksemda for bidragsytarane.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok rapporten "Faglig rapportering 2010" om forskingsprosjekt, nasjonale tenester og regionale kompetansesenter til etterretning.

**O 049/11 Status for tilbodet til gravide
rusmiddelavhengige innlagde etter lov om sosiale tenester
§ 6-2 (§ 6-3)**

Oppsummering:

Tilbodet til pasientar innlagde etter § 6-2a i Lov om sosiale tenester er styrka i regionen gjennom etablering av to forsterka einingar i helseføretaka og nye avtaler med private leverandørar. Det er framleis utfordringar, spesielt når det gjeld samhandling med anna spesialisthelseteneste og med kommunane.

Til neste styremøte ønskte styret ei orientering om talet på gravide pasientar innlagde etter § 6-2a, samt talet på gravide i LAR-behandling i regionen.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering.

**O 050/11 Orientering om legemiddelassistert
rehabilitering i Helse Førde HF**

Oppsummering:

Helse Førde har teke over ansvaret for pasientar i legemiddelassistert rehabilitering (LAR) frå 1. januar 2011. Føretaket har som einaste helseføretak i regionen valt å desentralisere tilbodet til desse pasientane. Dette ser ut til å vere ei robust og framtidsretta organisering som er i tråd med nasjonale føringar.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering.

051/11 Eventuelt

Ingen saker blei behandla under eventuelt.

B 052/11 Høyring - forslag til forskrift om endringar i forskrift om genetisk masseundersøking i forbindelse med utvida tilbod om nyfødtscreening

Oppsummering:

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i forskrift om genetisk masseundersøking som er gitt med heimel i bioteknologilova.

Bakgrunnen for forskriftsendringa er omhandla i Prop. 1 S (2010-2011) om utviding av dagens tilbod om nyfødtscreening. Forslaget inneber ei utviding med 21 nye sjeldne arvelege sjukdommar. Felles for alle sjukdommane er at det finnes effektiv behandling som vil forhindre død eller avgrense varig funksjonshemming ved å begynne behandling før barnet får symptom. Utviding av screeningprogrammet vil innebære meirkostnader på grunn av behovet for oppfølging i helsetenesta av fleire pasientar.

Samtykkebestemmelsane i lov om pasientrettar ligg til grunn i vurderingane og forslaget.

Det skal gis informasjon til befolkninga, foreldre og helsepersonell om formålet med nyfødtscreeninga.

Helse Vest RHF sluttar seg til vurderingane frå Helsedirektoratet og Helse- og omsorgsdepartementet om at det skal gis anledning til nyfødtscreening for i alt 23 alvorlege arvelege sjukdommar.

Vedtak (samrøystes):

Helse Vest RHF gir høyringsutale i saka slik det er foreslått i saksframlegget.

B 053/11 Forslag til justering av resultatkrav i Helse Bergen HF

Oppsummering:

Etter ei vurdering av risiko i budsjettet spesielt retta inn mot rusområdet samt nye tiltak i oppdragsdokumentet, meiner Helse Bergen at det er krevjande å nå eit resultatkrav på kr 160 mill. Dei har no bedt Helse Vest vurdere å redusere resultatkravet til kr 140 millionar kr.

Vedtak (samrøystes):

1. Resultatkravet til Helse Bergen blir satt ned frå kr 160 mill til kr 140 mill i 2011
2. Resultatkravet for føretaksgruppa blir fastsett som følgjer:

Forslag til resultatkrav 2011	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2011	40 000	10 000	140 000	-40 000	13 800	300	40 000	204 100

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Protokoll frå Regionalt Brukarutval i Helse Vest RHF 31.01.11
- Protokoll frå Regionalt Brukarutval i Helse Vest RHF 03.03.11
- Rapportering frå verksemda til HOD – januar 2011
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Bergen HF, dagsett 040311 – "Avslutting av tilsyn med Helse Bergen HF Haukeland Universitetssjuke Augeavdelinga"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Jæren DPS, dagsett 010311 – "Oversendelse av endelig rapport"
- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 100311 – "Pilotsjukehusprosjekta – oppdrag om særskilt rapportering"
- Brev frå Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF til Helse Vest RHF, dagsett 140311 – "Søknad om tildeling av NR-nummer for den 4. nevrokirurgistillingen tiknyttet Helse Stavanger HF"
- Brev frå Helse Fonna HF til Helse Vest RHF, dagsett 220311 – "Nye legestillingar til Helse Fonna HF i 2011"
- Brev frå Helse Vest RHF til helseføretaka, dagsett 170311 – "Bruk av korridor plassar i helseføretaka"
- Kopi av brev frå advokatfirmaet Harris til Sivilombudsmannen, dagsett 170311 – "Klage til Sivilombudsmannen"

Følgjande skriv og meldingar var delt ut i møtet:

- Kopi av brev frå Statens strålevern til Helse Førde HF, dagsett 050411 "Varsel om pålegg om retting og varsel om tvangsmulkt - drift av nukleærmedisinsk virksomhet i Helse Førde HF, Førde sentralsjukehus"
- Brev frå Arbeidstilsynet til Helse Vest RHF, dagsett 010411 "Oppfølging av forhold knyttet til arbeidstid i helseforetakene"
- Kopi av brev frå Vågsøy kommune til Sivilombuds-mannen, dagsett 310311 "Bevaring av Nordfjord Sykehus Tilslutning til klage til Sivilombudsmannen"
- Brev frå Helse Vest RHF til HF-a, dagsett 010411 "Retningslinjer for leiarløn"
- Brev frå Helse Vest RHF til LPP, dagsett 110411 "Psykisk helsevern i Helse Førde"

Ref. Torunn Nilsen
13.04.2011

Sett:

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Ohene Aboagye

Gunnar Berge

Gerd Dvergsdal

Gisle Handeland

Sett:

Torill Selsvold Nyborg

Gro Skartveit

Lise Karin Strømme

Helge Espelid

Reidun Nyborg Johansen

Aslaug Husa

Kjartan Longva